

Nordhordland røde kors  
Ove Rio

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7539 - 20/16197

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
24.03.2020

## Søknad om motorferdsel i utmark

**Administrativt vedtak. Saknr: 350/20**

### VEDTAK:

**Med heimel i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 gjev Alver kommune dispensasjon frå forbud om motorferdsel i utmark til Nordhordland røde kors. Dispensasjonen gjeld naudsynt bruk av snøscooter knyttet til opplæring og øvrig røde kors aktivitet. Dispensasjonen er avgrensa geografisk til Alver kommune. Løyve skal vere med i fartøyet under oppdrag og gjeld for 2020 og 2021.**

### Saka gjeld:

**Nordhordland røde kors søker om bruk av snøscooter i utmark for 2020 og 2021 i gamle Lindås kommune då søknaden vart mottatt 26.11.2019**

### VURDERING:

**Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Den beskjedne snøscooter aktiviteten vil etter vår vurdering ikkje være til skade for naturmangfaldet.**

**Røde kors sin vinter aktivitet er viktig for almenta sin tryggleik når dei ferdast i fjellheimen og elles der allmenta utøver vinter aktivitet. På bakgrunn av dette er røde kors sin snøscooter bruk å ansjå som samfunnsinteresse av stor vekt.**

**Regelverk**

**Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.**

**Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark**

**Naturmangfaldlova**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7539

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Nordhordland Røde Kors  
Nordhordland røde kors

Postboks 47

5902

ISDALSTØ